



**DET KONGELEGE  
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT**  
*Statsråden*

Husleietvistutvalget i Oslo og Akershus  
Postboks 5118 Majorstua

0302 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

07/2789-1 BEE

**10 JAN 2008**

**Statsbudsjettet 2008 - Tildelingsbrev til Husleigetvistutvalet i Oslo og Akershus**

Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) følgjer opp Stortingets vedtak og føresetnader gjennom dette tildelingsbrevet, jf. Budsjett-innst. S. nr. 5 (2007-2008) og St.prp. nr.1 (2007-2008) KRD.

I tildelingsbrevet stiller departementet til disposisjon løyingar og gjer greie for kva inntekter som vert føresett i budsjetterminen. I brevet vert det vidare vist til kva mål som er gjeldande for Husleigetvistutvalet i 2008.

Prøveperioden for Husleigetvistutvalet er ferdig 31.12.2008. Regjeringa skal i løpet av 2008 avgjera om utvalet skal gjerast permanent frå 1.1.2009 og eventuelt utvidast geografisk.

**1. OVERFØRING AV LØYVINGAR 2008**

Følgjande løyingar blir stilt til disposisjon for Husleigetvistutvalet i 2008:

**Utgifter**

(i 1 000 kr)

Kap. 585, post 1 Driftsutgifter	5 730
---------------------------------	-------

**Inntekter**

(i 1 000 kr)

Kap. 3585, post 1 Gebyr	240
-------------------------	-----

Det vert føresett at Husleigetvistutvalet sine kostnader vert holdne innafor den summen

som Stortinget har løyvt til driftsutgifter. Husleigetvistutvalet vert gjeve samtykke til å overskrida løyvinga på kap. 585, post 1 Driftsutgifter mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3585, post 1 Gebyr, jf. Budsjett.-innst. S. nr. 5 (2007-2008). Ressursane som vert tildelt må brukast på ein mest mogleg effektiv måte. Sakshandsamingsgebyret er fastsett til eitt rettsgebyr.

## **2. MÅL**

Det overordna målet for bustad- og bygningspolitikken er at alle skal kunne bu godt og trygt, jf. St.prp. nr.1 (2007-2008). Husleigetvistutvalet skal sikra partane høve til å ivareta interessene sine ved å tilby rask, rimeleg og kompetent behandling av tvistar som gjeld leige av bustad.

## **3. RAPPORTERING**

Husleigetvistutvalet skal utarbeida ei årleg framstilling om arbeidet sitt, jf. den mellombelse forskrift om Husleigetvistutvalet § 15 første ledd. Årsmeldinga, som blant anna skal innehalda ein rapport om tilstanden når det gjeld likestilling i utvalet, skal oversendast departementet innan 1. kvartal 2008, jf. vedlagde mal. Departementet sender kopi av årsmeldinga til Riksrevisjonen. Plan for verksemda skal òg sendast departementet innan 1. kvartal 2008.

Husleigetvistutvalet skal kvart halvår senda departementet statistikk over innkomne saker og mengda saker som vert forlikt eller avgjorde ved vedtak. I tillegg skal utvalet rapportera på sakshandsamingstid i årsmeldinga samt i samanheng med St. prp. nr. 1. Saker som er ferdig handsama av utvalet skal gjerast offentleg tilgjengeleg i anonym form, jf. forskrifta § 15 anna ledd.

All rekneskapsførsle for Husleigetvistutvalet skal utførast av Husbanken, jf. avtale mellom Husbanken og utvalet av desember 2001. Husleigetvistutvalet skal senda inn rekneskapsrapport til departementet pr. 30. juni 2008 og 31. desember 2008.

Det skal vera to kontaktmøte mellom Husleigetvistutvalet og departementet i 2008. Kontaktmøta skal vera i juni og desember. Departementet vil sørja for innkalling til kontaktmøta. Kontaktmøta skal haldast annan kvar gong mellom Husleigetvistutvalet og departementet. Det skal utarbeidast saksdokument i framkant av møtet, medrekna relevant rapportering på budsjettet.

Husleigetvistutvalet skal innan 1. oktober 2008 senda departementet ein overordna risikoanalyse der risikoreduserande tiltak er inkludert. Analysen skal gjerast i samsvar med fastsette mål. Departementet skal haldast orientert ved eventuelle uventa endringar i risikobiletet.

Departementet er avhengig av at Husleigetvistutvalet har god intern kontroll. Effektive interne kontrollsysten skal sikra at fastsette mål og resultatkrav vert følt opp, at resursbruken er effektiv, og at arbeidet vert drive i samsvar med gjeldande lovar, forskrifter, retningsliner og anna relevant regelverk.

Husleigetvistutvalet skal informera departementet om vesentlege avvik frå fastlagte planar eller tildelingsbrev straks utvalet får kjennskap til slike.

#### **4. ANNAN INFORMASJON**

Departementet ber Husleigetvistutvalet om å gi nødvendig informasjon til ulike interesseorganisasjonar, blant anna Leieboerforeningen i Oslo, Huseiernes Landsforbund, Den norske Advokatforening, Juss-Buss og studentorganisasjonar.

##### **Kommunikasjon og informasjon**

Departementet legg til grunn at det finst gode varslingsrutinar mellom Husleigetvistutvalet og Kommunal- og regionaldepartementet slik at Husleigetvistutvalet i god tid varslar om saker som kan verta store/vanskelege/kontroversielle saker i media.

Det vert vidare lagt til grunn at det finst tilfredsstillande planar for krisehandtering, medrekna krisekommunikasjon, der kontakten med departementet er ein viktig del.

##### **Systematiske brukarundersøkingar**

Regjeringa har sett seg som mål at innbyggjarane i større grad skal kunne påverka kvaliteten og utforminga på dei statlege tenestene. Regjeringa har derfor vedteke at alle publikumsretta statlege etatar skal gjennomføre systematiske brukarundersøkingar, og at resultata som hovudregel skal vert gjord allment tilgjengeleg. Departementet ber Husleigetvistutvalet vurdere korleis utvalet best mogleg kan følgje opp regjeringa sitt vedtak, særleg sett i lys av at prøveperioden for utvalet går ut i 2008 og at spørsmålet om vidareføring ikkje er avklart.

##### **Oppfølging av IA-avtalen i staten**

Departementet ber Husleigetvistutvalet om å følgja opp IA-avtalen i staten. Det er eit mål for alle statlege verksemder om å redusera sjukefråveret, behalda og rekruttera personar med redusert funksjonsevne og auka den reelle pensjoneringsalderen.

##### **Handlingsplan for miljø- og samfunnsansvar i offentlege innkjøp**

Regjeringa la sommaren 2007 fram ein handlingsplan for miljø- og samfunnsansvar i offentlege innkjøp. Planen inneheld ein eigen miljøpolitikk for statlege innkjøp der det vert stilt konkrete krav til innkjøp av prioriterte produktgrupper, jf. Handlingsplan 2007-2010 T-1467 B Miljø- og samfunnsansvar i offentlege innkjøp. Den enkelte statlege

verksemd må sørja for å følgja opp miljøpolitikken og den skal inngå i det interne styringssystemet til den einskilde verksemd.

Vidareføring av miljøleiing (Grøn stat) i statlege verksemder er ein del av handlingsplanen. Miljøleiing er ein dynamisk og kontinuerleg prosess. Det skal gjerast ein årleg revisjon av arbeidet der det vert lagd til rette for kontinuerlege forbeteringar. På [www.gronnstat.no](http://www.gronnstat.no) er det samla rettleiingar, verkty og relevante eksempel i samanheng med innføring av miljøleiing.

Årsmeldinga skal innehalda følgjande:

- Korleis handlingsplanen er følgd opp i verksemda
- Ein kort rapport om arbeidet med miljøleiing i verksemda

#### **Integrering og inkludering av personar med innvandrarbakgrunn**

Regjeringa har bestemt at alle statlege verksemder skal setja mål og utarbeida planar for å auka rekrutteringa av personar med innvandrarbakgrunn. Slike mål og planar kan f.eks. inngå i verksemds- og/eller personalplanar. Det skal rapporterast på mål i årsmeldinga. Dette inngår som eitt av tiltaka i handlingsplanen for integrering og inkludering som regjeringa la fram i statsbudsjettet for 2007. I årsmeldinga for 2008 skal det på denne bakgrunnen, så langt det er relevant for utvalet, rapporterast på:

- Tal og del (i prosent) tilsette (faste og mellombelse stillingar) med innvandrarbakgrunn i verksemda den 1.1.2008.
- Kva mål verksemda sette for rekruttering av personar med innvandrarbakgrunn i 2008.
- Tal og del tilsette med innvandrarbakgrunn den 1.1.2009.

Med helsing



Magnhild Meltveit Kleppa

Vedlegg: Mal for likestillingsrapportering 2007

Kopi til:  
Finansdepartementet  
Husbanken,  
Riksrevisjonen  
PA

**Vedlegg: Mal som skal nyttast ved likestellingsrapporteringa for 2007 frå den enkelte verksemda**

	Tal	Kvinner	Pst.	Menn	Pst.
Toppleiarar					
Mellomleiarar					
Alternativ karriereveg					
Sakshandsamarar					
Kontortilsette					
Sum tilsette					
Gj.snittlig lønssteg					
Rekruttert					
Slutta					
Gj. snittlig overtid					
Redusert arbeidstid					
Fødsels-/omsorgs-/fedrepermisjon					
Sjukefråvere i pst.					
Styreleiar					
Styremedlemer					

Stillingskategoriar iflg. staten sine lønsplanar. Avvik og spesialstillingar vert forklårde i fotnote. For rapporteringskriterium der verksemda ikkje har data skal ein streka over.